

**Fra:** Ola Midttun (Ola.Midttun@fiskeridir.no)

**Sendt:** 06.11.2014 12:48:51

**Til:**

**Kopi:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Emne:** Masfjorden kommune Hordaland - Melding om oppstart av reguleringsplan for bro over Masfjorden - uttale

**Vedlegg:**

Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724

5981 MASFJORDNES

Sakshandsamar: Ola Midttun

Telefon: 46888567

Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon

Vår referanse: 14/13404

Dykkar referanse: 2014/704

Vår dato: 03.11.2014

Dykkar dato: 13.10.2014

Att:

## Elektronisk post

### MASFJORDEN KOMMUNE HORDALAND - MELDING OM OPPSTART AV REGULERINGSPLAN FOR BRO OVER MASFJORDEN - UTTALE

Vi viser til brev av 13.10.2014 frå Masfjorden kommune med melding om oppstart av planarbeid og framlegg til planprogram for bru over Masfjorden.

#### Om planprogrammet

Planarbeidet gjeld bru mellom Masfjordnes og Duesund som erstatning for dagens kabelferje slik at ein får ferjefri kryssing av Masfjorden. Planen utløyser krav til konsekvensutgreiing (KU) og i planprogrammet vert det presentert framlegg til program for KU.

#### Fiskeridirektoratet si rolle og ansvar i arealplanlegginga

Fiskeristyresmaktene er ansvarlig for forvaltninga av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og kontroll med akvakulturnæringa. Fiskeridirektoratet sine regionar skal ta vare på desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet. Planansvarleg, i dette tilfelle kommunen, har plikt etter Plan- og bygningslova å legge til rette for medverknad, mens Fiskeridirektoratet sine regionkontor har plikt til å delta. Dersom vi finn at planen ikkje tek tilstrekkeleg vare på sektorinteressene Fiskeridirektoratet forvaltar, kan vi fremme motsegn til planen.

#### Marint miljø, fiskeri- og akvakulturinteresser i sjøområda

##### Gyteområde

Havforskningsinstituttet har registrert gyteområde for torsk i sjøområda rundt Masfjordnes og Duesund, og vi føreset at gyteområde vert teke med blant tema som skal utreiast.

### Fiskeriinteresser

Det går føre seg fiske med tradisjonelle reiskap som garn, line ruse og teie i sjøområda. Dette er i hovudsak lokale fiskarar frå Masfjorden og Gulen, og i tillegg går det føre seg fritids- og turistfiske i sjøområda. Vest av Duesund er det registrert eit trålfelt som vert nytta til tråling etter reke. Vi har ikkje nyare data om bruk av trålfeltet. Vi ser ikkje at planlegging av eit brusamband kjem i berøring med vesentlige fiskeriinteresser, men vi ber likevel om at fiskeriinteressene vert høyrte gjennom planprosessen.

### Akvakulturinteresser

Vest av Duesund er det etablert matfiskanlegg for oppdrett av laks og aure, og lenger nord i Skolmosen er det etablert matfiskanlegg for oppdrett av torsk. Vidare innover i Masfjorden er det etablert ei rekkje matfiskanlegg for oppdrett av laks og aure.

Akvakulturnæringa i Masfjorden representerer stor verdiar og vi ser det som viktig at ein kartlegg kva konsekvensar etablering av eit brusamband vil få for næringa i anleggsfase og i driftsfase.

### **Medverknad frå næringsinteresser fiskeri og akvakultur**

Det er viktig at kommunen legg til rette for medverknad frå både fiskeri- og akvakulturnæringa gjennom heile planprosessen. Desse sit med grunnleggande kunnskap om si næringsverksemd, og må få høve til å legge fram synspunkt i planprosessen.

### **Fiskeridirektoratet si kartløyving**

Data om registrerte kystnære fiskeområde, løyve til å drive akvakultur og registrert marint biologisk mangfald finnast i kartløyvinga på Fiskeridirektoratet si heimeside [www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no). Kartløyvinga er open for alle og data om kystnære fiskeområde og godkjende akvakulturlokalitetar kan lastast ned til SOSI- og SHAPE-format.

Med helsing

Kari Morvik  
seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift*

**Mottakarliste:**

Masfjorden kommune                      Austfjordvegen 2724 5981                      MASFJORDNES

**Kopi til:**

Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870	5817	BERGEN
	Nordnes		
Hordaland Fylkeskommune	Postboks7900	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Plan- og	6025	ÅLESUND
	Kystforvaltningsavdelingen		